



Hjønnevåg er ein av ni leverandørar som er med på kampanjen for lokal mat på SPAR.

**SPAR og EUROSPAR i Vestland Fylke har fram til 21. november avtale med ni matvareprodusentar om levering av lokal mat i butikkane. Hjønnevåg er ein av dei ni leverandørane. På lista finn vi også Bønes Gardsmat, Vossakjøt, Signes Raspeballar, Fana Kjøt, Marthas Delikatesser, Hillersrøy, Bleie Gard og Saftsuse. Felles for alle er at dei er sterkt lokalt forankra og at dei framleis er familieeigde.**

Det er laga eiga avis der SPAR står fram med satsing på lokal mat i samarbeid med lokale leverandørar. I avisa fortel kvar leverandør litt om historikken og produksjonen.

Brødrene Hjønnevåg AS er ei tradisjonsrik bedrift som produserer og sel sjømat til daglegvarebutikkar, grossistar og storhushald i heile Noreg. Eit viktig prinsipp er at fisken alltid skal vera fersk, slik det har vore i alle år sidan Henrik B. Hjønnevåg starta verksemda i Uskedalen i 1948. Kvalitet ligg i botn for alt Hjønnevåg produserer og sel.

I annonseavisa les vi elles at forutan fiskemat produserer Hjønnevåg ein serie med røykte fiskeprodukt. Gode produkt krev mykje handarbeid. Alt vert gjort med eit mål om at kundane skal merka det på kvaliteten.

Hjønnevåg har avtale med alle daglegvare kjedene om levering av fiskemat. Det er REMA, OBS og SPAR.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: SPAR